

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring og fagopplæringsnemnda

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Lærekandidatordninga

Bakgrunn:

Lærekandidatordninga er eit planlagt løp med mål om grunnkompetanse. Fylkesdirektøren for opplæring kan gjere vedtak om spesialundervisning i bedriftsopplæringa. Dei siste åra har grunnlaget for korleis ein organiserer lærekandidatordninga i Sogn og Fjordane endra seg. Rundskriv F-04-13 si presisering av §5-4 i opplæringslova om sakshandsaming kring vedtak av spesialundervisning og NAV sitt nye rammeverk for korleis dei kan bidra mot personar i vidaregåande opplæring, har medført at det er behov for ei fornying av eksisterande ordning. Fylkesdirektøren for opplæring sette våren 2017 i gang eit arbeid i samarbeid med NAV med å evaluere og tilpasse lærekandidatordninga.

Evaluering:

Sogn og Fjordane har i overkant av 100 løpande opplæringskontraktar. Ein er med det eit fylke med stor del lærekandidatar, relativt sett, i høve landssnittet. Lærekandidatordninga blir i Sogn og Fjordane i stor grad nytta for ungdom som går mot planlagd grunnkompetanse. Ordninga er svært fleksibel i høve å seinare kunne ta fullt fag- eller sveinebrev. Samtidig sikrar organiseringa av ordninga i Sogn og Fjordane at elevar utan føresetnader til å fullføre eit ordinært løp får tilhørsle til grupper/klassar i den vidaregåande skulen. Dette er i tråd med §8-2 i opplæringslova. Lærekandidatordninga i Sogn og Fjordane har hatt stor oppslutnad i næringslivet og bedrifter har vore flinke til å ta samfunnsansvar og tilby opplæringskontraktar til ungdom som vel å gå mot ein grunnkompetanse. NAV har vore inne å bidrege med lønnsmidlar slik at lærekandidatar med liten produksjon har kunna fått opplæring i bedrift og teke kompetansebevis. Gjennomføringa har vore bra i ordninga for dei som har kome ut i lære.

Endringar

Lærekandidatordninga bør avgrensast til å gjelde: Ungdom som i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule, eller undervegs i vidaregåande opplæring opplever vanskar med å oppnå full yrkeskompetanse (jamfør §4-1 i opplæringslova). Denne gruppa kan legge opp løp mot grunnkompetanse. Med grunnkompetanse her er det meint: Kompetanse som det er ein reell etterspørsel etter i arbeidslivet og som gir grunnlag for varig arbeid. Ungdom som ikkje har føresetnader til å kunne oppnå grunnkompetanse etter definisjonen over, bør ikkje vere ein del av lærekandidatordninga. Personar som har moglegheit for å oppnå full yrkes- eller studiekompetanse bør heller ikkje vere ein del av lærekandidatordninga. Fylkesdirektøren arbeider no med å kartlegge ulike alternativ for gruppa av elevar som ikkje har grunnlag for varig arbeid.

Overgang frå skule til bedrift

I yrkesfagleg fordjuping (YFF) får elevane prøve aktuelle lærefag. YFF er viktig for å sikre tideleg formidling av elevar. For ungdom som er aktuelle for lærekandidatordninga har fylkesdirektøren

for opplæring i tillegg til YFF, utarbeida ordninga opplæringsavtale (OLA). Gjennom OLA kan PPT skrive sakkunnig vurdering som kan nyttast ved inngåing av opplæringskontrakt. Dette er i tråd med §5-4 i opplæringslova om sakshandsaming kring vedtak om spesialundervisning.

OLA er ein avtale mellom bedrift, skule og elev. Avtalen er ikkje juridisk bindande etter opplæringslova, men skal avklare økonomiske og formelle forhold mellom partane om opplæring på alternativ opplæringsarena. Målgruppa er elevar som går mot lærekandidatordninga. Føresetnader for å skrive OLA er at:

- eleven kan gje ei framtidig opplæringsbedrift verdiskaping
- heile opplæringa er knytt til mål innanfor same utdanningsprogram/programområde

Det bør vere samanheng mellom opplæringa i skule og opplæringa i bedrift. OLA bør skrivast undervegs i skuleløpet, seinast 15. november på vg2. Ein bør samarbeide med bedrifter som i utgangspunktet er opne for å ta inn lærekandidatar. Tid og behov for tilrettelegging bør vere avgjerande for korleis ordninga blir organisert for kvar einskild. Midlane til opplæringa blir fordelt med 1/3 til skule for å drive oppfølging ute i bedrift og 2/3 til bedrift for å følgje opp elevane etter behov.

Oppsummering

Fylkesdirektøren for opplæring har starta arbeidet med å implementere endringar i ordninga. Informasjonsarbeidet er omfattande, ettersom det er mange partar som er involvert i arbeidet med å legge til rette for at denne gruppa får sluttkompetanse.